

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 06.09.2017
FRÅ : Administrerende direktør Jon Bolstad
Sakshandsamar: Økonomidirektør Ola Rye
SAKA GJELD: **Strategiprosess Sjukhusapoteka Vest**
ARKIVSAK:
STYRESAK: **040/17**

STYREMØTE: **13.09.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek plan for arbeidet med ny strategi for Sjukehusapoteka Vest – «SAV 2035», slik det går fram av saka.

Bakgrunn

Ny strategiplan for Helse Vest (Helse 2035) er vedteken i Helse Vest styret den 11.mai i år etter brei involvering av føretaka i regionen, inkludert SAV. Helse 2035 var tema på SAV sitt styreseminar 1.3.2017 og på SAV sitt utvida leiarmøte (nivå 2 og 3 leiarar) den 27.3.2017. SAV gav høyringsuttale til Helse Vest om Helse 2035 etter at forslag til uttale var drøfta med dei tillitsvalde, handsama i FAMU og handsama av styret i SAV (Sak 016/17).

Dagens strategiplan for Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) vart utforma i 2010 for perioden 2011-2015. I 2016 konkluderte nasjonal utgreiing med at SAV forset som eige føretak. Strategiarbeidet vert difor teke opp på nytt.

Saka no omhandlar plan for arbeid med ny/revidert strategi for SAV med bakgrunn i vedteken strategi for HV. Plan for dette arbeidet var handsama av styret i styremøte den 1.juni i år (sak031/17). Styret bad då om at tidsplan for arbeidet vart avklart med ny administrerande direktør som byrja 21.august. Denne saka omhandlar justert tidsplan og innretning for arbeidet, som vi har kalla «SAV 2035».

Vurdering

Administrerande direktør føreslår justert tidsplan som betyr at styret i SAV skal vedta ny strategiplan innan utløpet av mai 2018. På denne måten vert det mogeleg å sikre god involvering av medarbeidarane og god dialog med helseføretaka og styret i prosessen. Justert plan for arbeidet er vedlagt (vedlegg 1).

Proessen skal definere overordna mål og tiltaksområder for SAV. Samtidig skal arbeidet gje retning for strategiske satsingar innan dei ulike verksemdsområda. Arbeidet er tenkt gjennomført med interne ressursar.

Arbeidet er skissert i fem fasar som inkluderer forberedande arbeid, no-situasjonsanalyse, omtale av utvikling/trendar innan apotekverksemd samt arbeid med mål, tiltaksområder. Det skal i siste fase av arbeidet lagast ein implementeringsplan der det vert fokus på samanheng mellom strategisk mål og tiltaksområder, forretningsplan og årlege handlingsplanar.

Arbeidet skal definere strategiske mål og satsingar for SAV forankra i behov hjå kundar og mogelege endringar i ulike rammefaktorar (økonomi, teknologi, beredskap, etc). Dei strategiske måla skal omtalast på føretaksnivå men og gje retning for strategiske satsingar innan kvart av dei fire verksemdsområda; Sjukehusekspedisjon, Publikumsekspedisjon, Produksjon og Farmasifagleg rådgjeving. Arbeidet skal også ta omsyn til utvikling i nasjonalt samarbeid mellom dei fire sjukehusapotekføretaka i Noreg, samt gje innspel til denne utviklinga. Bestillinga er eit dokument på maksimalt 10 sider som i tillegg til mål og tiltaksområder og inneheld ein overordna plan for implementering av tiltak.

SAV leiargruppe skal være pådrivar i arbeidet. Det er lagt opp til å nytte eksisterande møtefora i tillegg til eigne arbeidsgrupper etter behov. Det er ynskjeleg at prosessen blir prega av dialog og innspel frå ulike samarbeidspartar og interessentar.

Kommentarar

Arbeidet med ny strategiplan er starta og justert arbeidsplan (vedlegg1) vert lagt til grunn for vidare arbeid. Aktivitetsplan skal oppdaterast etterkvart som arbeidet skrid fram.

Konklusjon

SAV har starta arbeidet med ny strategi for føretaket. Det er foreslått ein justert plan for arbeidet som tilseier at ein kan ferdigstille ny strategiplan for føretaket innan utløpet av mai 2018.

Vedlegg 1: Strategiprosess Sjukehusapoteka Vest Arbeidsplan